

Referat

STYREMØTE NR. 7 i ØIL – 14.12.2016

Møte		Referat		
Dato	Onsdag 14.12.2016 kl. 19:30	Deltakarar	Arne Lunestad / leiar Frank Kjøsnes / nestleiar Rune Vik / skrivar Marit Buttingsrud/ styremedlem Silje Laupsa Mo/ styremedlem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Ola Fjerdingen/ fotballgruppa Olav Kreken/ orientering	
Stad	Kvam Kan huset	Forfall	Giedre Keturakiene / kasserar Linn Beate Haugsland Ur/ styremedl. Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa Leiv Sandven / trimgruppa	
Referent	Rune Vik	Kopi		
Neste styremøte	Onsdag 25.01.2017 kl. 19:30			

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
7.1	<p>Saker</p> <p>.1 <u>Godkjenning av førre styremøtereferat m.v.</u> Møtereferat nr. 6-2016 var ikkje tema på møtet, då referat mangla som vedlegg i framsendt epost. Ref. må sendast. Innkalling og saksliste vart godkjend. Lista er supplert med saker frå fotballgruppa.</p> <p>.2 <u>Leigeavtale i Holmatun med ny eigar Holmatun eigedom as</u> Rune Vik er saksførare, då Arne Lunestad er inhabil gjennom sitt engasjement i Holmatun eigedom as. Framlagt forslag til avtale vart gått gjennom og drøfta. Vedtak: Det er semje i styret at foreslått leige på kr 70 000 eks mva under punktet Økonomi, er ok i forhold til tidlegare betalt årsleige dei tre siste åra. Det er ein del punkt i framlegg til avtale som må klargjerast. Rune Vik tek dette vidare med utleigar. Styret må informerast før signering.</p>	info info	Rune V. styret styret/Rune V. Rune V

.3	<u>Medlemsregister for ØIL</u> Medlemsregister for Øystese idrettslag er no tilrettelagt i excellformat klart for import i NIF-system. På styremøtet vart det jobba med å få på plass dei siste detaljane. Medlemsregisteret syner at ØIL har i overkant av 700 medlemer. Arne Lunestad sørger for å sende ØIL-register til Norges idrettsforbund for import i NIF-medlemsdatabaseløysing.	styret 31.12 Info	
.4	<u>Kom.delplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv</u> Kvam herad ønskjer innspel på kva som kan gjerast for å fremja fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen. Det er etablert eige innspelskjema på heimesida til kommunen. Frist for å kome med innspel: 29.01.2017 Kven som helst, privatpersonar, lag og organisasjonar, kan spele inn behov og idear. Styret i ØIL meinar at hovudlaget må sende innspel som femner dei ulike gruppene. Vedtak: Styret skal som del av styremøtet 25. januar, forfatte innspel til kommunedelplanen som synleggjer m.a. behov på anleggssida for ØIL.	25/1 styret/grupper	
.5	<u>Leige av lagslokale i Holmatun – fordeling av kostnad</u> Fotballgruppa ber hovudlaget vurdere sin del av leigekostnadane, sett med bakgrunn i at dei fleste borna går på idrettsfritidsordninga (IFO). Ein mindre del går på fotballdelen (FFO). Vedtak: Sak på neste styremøte 25.januar.	25/1 styret	
.6	<u>Premiering Torefjellstrimmen</u> Frank sørger for å levere ut gåvekort.	Frank	
7.2	Fotballgruppa		
.1	<u>Årsmøte for fotballgruppa i ØIL – tidleg i januar 2017</u> Styret i fotballgruppa ynskjer gruppearsmøte i januar. For styret i ØIL er tidspunktet greitt. Vilkåret for å kunne halda årsmøte er at gruppearsmelding og rekneskap for 2016 er på plass.	info	

7.3	Friidrett/trimgruppa		
7.4	HC-gruppa		
7.5	Symjegruppa		
7.6	Hoppgruppa		
7.7	Orientering		
7.8	Økonomi		
7.9	Eventuelt		
2.1.4	<p>Styresaker fra 2016 under oppfølging</p> <p><u>Øystese-trimmen og utvikling av arrangementet</u></p> <p>Konkuransedelen av trimmen har dei seinare år hatt lita deltaking. For å få litt meir fart i arrangementet må det gjerast grep.</p> <p>Forslag til utviklingsgruppe:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Torild Kveberg - Marit Buttingsrud - Olav Kreken - Reidun Braut Kjosås <p>Utfordringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå på innhaldet i Øystesetrimmen. - Sjå på konkurransar/aktivitetar for ulike aldersgrupper. - Organisering, utstyrssbehov, og marknadsføring. <p>I første omgang må ambisjonen vere å gjere arrangementet meir spanande/attraktivt i forhold til notid/2016.</p> <p>Målgruppe: Deltakarar frå Øystese og Norheimsund/Kvam.</p> <p>Olav tek kontakt om oppstartsmøte.</p> <p>Styresaker fra 2015 under oppfølging</p> <p><u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u></p> <p>Gammal/utdatert ØIL-heimeside må fjernast. Vidar T. har snakka med Jan Tjosaas (IKTAL) som i si tid stod som administrator for heimesida.</p> <p>Styresaker fra 2014 under oppfølging</p> <p><u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegen vidare</u></p> <p>Utover fotballen i ØIL er aktiviteten i dei ulike gruppene relativt låg. Allidrett for born opp til 10 år drive av Leif og Åshild i vinterhalvåret, er kanskje det viktigaste bidraget. Elles har laget Øystesetrimmen m/ open hall-arrangement, Torefjellstrimmen som del av ”Kom deg ut dagen” og idrettsmerkeprøve.</p> <p>ØIL er også ein aktør i samfunnsdebatten ved at styre har kome med innspel til kommuneplan og barnehageplan, m.v. Vidare har ØIL støtta ulike føremål i andre lag som kunne</p>	info	styret
1.1.2	<u>Webprofil for ØIL i sosiale medier</u>		Olav Kreken styret
3.1.7	<u>Øystese idrettslag (ØIL) – vegen vidare</u>	info	styret

	<p>generere fysisk aktivitet.</p> <p>Samtidig har idrettslaget ansvar for hoppbakken i Myrane, og forvaltar ein formue på ca. ½ mill kr.</p> <p>Vedtak: ØIL-styret startar eit arbeid med å sjå på kva rolle ØIL kan spela i tida framover (tidshorisont). Er det bruk for eit allidrettslag i Øystese ?</p> <p>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</p> <p><u>Rydding i og sannering av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>		
4.1.9		info	styret

Rune Vik/ skrivar